



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2023

66. årgang



**Väntande på värme vilar rot och frö, vet att våren kommer.**

**Varje träd och ört brister i blom på sin bestämde tid.**

**Kärlek med ditt ljus, kom, kom och hos oss förbliv!**

**(Nr 205 i Norsk salmebok, vers 4.)**

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,**

**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:  
706144.**

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE**

og **MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORSEKRETÆR:**

**Kenneth Kidøy,** Tlf. 57782013

Kontor: Måndag kl. 12.30-15.30

Tysdag kl 9.00-15.30

Torsdag kl 9.00-15.30

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 90984617

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Kåre Sigurd Krakhella,** tlf.

90075286. [kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Haldis Steine,** tlf. 95841715

[haldist@online.no](mailto:haldist@online.no)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Vi er inne i fastetida, så kjem påska, med konfirmasjonane hakk i hæl.

Med andre ord så har vi mykje å sjå fram til i dei komande månadene.

Ikkje minst gler vi oss over at våren er i anmarsj. Frist innlevering til neste nummer: 1. juni.



## Info frå kyrkjevevja

### Staben

Vi takkar Kenneth Kidøy for jobben han har gjort på kyrkjekontoret i tida Margrethe Skåden har hatt permisjon. Vi ynskjer Margrethe velkommen tilbake frå 01.04., no i 40 % stilling, med kontordag tysdag og torsdag. NB: Det vil bli endringar i telefonnummer på kontoret, sjekk på heimesida.

*Ingunn Sognnes*



*Foto: Den norske kyrkja*

## Nattverdglede er påskeglede!

«Dette er Jesu lekam». «Dette er Jesu blod».

Det var sterkt for nokre år sidan å setje seg ned blant oliventrea i Getsemanehagen og feira nattverd. Der i området hadde Jesus vore i fortvilning og kamp.

Sveitten rann som blod. Det var påske, og Jesus hadde nett feira nattverden saman med disiplane sine.

Dei vart oppmoda om å fortsetje å feire nattverden då dei kom saman: «...kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.»

Det er flott å feire nattverd!

Me har lett for å tenkje på nattverden utelukkande som ein stad for bot og vedkjenning av synder.

Nattverden er det, men han er like mykje eit festmåltid!

I måltidet møter Jesus oss som den oppstadne, han som går saman med oss og gjev oss ny kraft og nytt mot til å gå ut i vår kvardag.

Der kan me få frimod til å leve både vårt eige liv og livet saman med

andre, også livet som disiplar av Jesus. Bruk nattverden!

Når du vedkjenner Jesus som Frelsar, då skal du frimodig ta imot nattverden. For Jesus sjølv oppmodar deg om å bruke nattverden ofte.

Då bør verken du eller eg diskvalifisere oss sjølve for å ta imot han.

La heller ikkje andre få gjere det.

Når både tvilaren Tomas og svikaren Judas fekk ta del i nattverdmåltidet saman med Jesus, då skal også me ha all frimod til sjølve å vere med i måltidet og møtet med Jesus, idet me får høyre orda til oss:

*«Dette er min lekam, gjeven for deg. Dette er mitt blod, utrent for deg».*

Bruk nattverden sjølv, ta andre med, og lær også barna og barnebarna å bruke nattverden.

Arbeid med å få nattverdglede!

La festmåltidet få vere mat for ditt åndelege liv, saman med lesinga av Guds ord og bønna i Jesu namn.

Nattverdglede er påskeglede, fordi då feirar me, og gler oss over Jesu forsoningsdød og oppstode.

Denne gleda ber vi med oss uavhengig av årstid. Det er nemleg nattverds- og påskeglede året rundt!

I det me har motteke nattverden, lyder orda kvar gong til oss:

*«Fred vere med dykk».*

Dette er Jesu eiga helsing til oss.

Velsigna påske! Sørg for at du får del i nattverdgleda ved å jamleg ta del i nattverdmåltidet. Herren Jesus ventar på å få møte oss der.

*Per Børge Hillestad*

## Fasteaksjonen 2023: Håp i ein drope vatn

Fasteaksjonen 2023 blir arrangert i veka før palmesøndag, hos oss i Gulen frå **25.-29. mars**.



Tilgang på reint vatn har enormt mykje å bety, og utgjer ein dramatisk forskjell på folks liv.

15 år gamle Deodata Julius er ei av dei mange som har fått oppleve dette. Før landsbyen fekk tilgang til vatn, skapte lange tørkeperiodar store problem, og folk måtte gå langt for å hente vatn. Før brukte ho tre timar kvar dag på dette, noko som resulterte i at ho ikkje fekk fullføre skulen.

No tek turen berre fem minutt, og jentene i landsbyen får skulegang og ei utdanning, innbyggerane blir ikkje lenger sjuke av vassboren smitte, og dei kan dyrke frukt og grønnsaker og tene pengar, sjølv om klimaendringane gjer forholda tøffe.

Innsatsen i fasteaksjonen gjer dette mogleg for endå fleire i verda, også for folk som opplever å misse vatnet i ei akutt krise, slik tilfellet er i Syria grunna jordskjelvet, eller i Ukraina på grunn av krigen.

***Ta godt imot konfirmantane som kjem til døra di med innsamlingsbøssene 25.-29. mars!***

## Ny biskop i Bjørgvin



Foto: Bjørgvin bispedømme

Kyrkerådet har tilsett Ragnhild Jepsen som ny biskop i Bjørgvin bispedømme. Ho tek over etter Halvor Nordhaug. - Eg er glad og takknemleg for utnemninga til biskop i Bjørgvin, seier ho. - Det er ei stor oppgåve som eg går til med glede og audmjukheit, og som biskop vil eg invitere breitt til å finne språk som opnar oss til fri-modig å vitne om trua vår.

Ragnhild Jepsen kjem frå stillinga som domprost i Nidaros bispedømme. Kyrkerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum er nøgd med at Bjørgvin har fått si første kvinne som biskop, og ho framhevar at Ragnhild Jepsen er ein framifrå liturg og ein erfaren leiar som vil vere med på å utvikle bispedømmet: - Ho er ein samlande kyrkjeleiar med røynsle frå kulturliv og eit breitt samfunnsengasjement.

Ragnhild Jepsen vert vigsla til biskop i Bjørgvin **søndag 16. april kl 11.00 i Bergen domkirke**, der H.M. Kongen deltek.

Kyrkjelydane i Gulen ser fram til eit godt samarbeid med Ragnhild Jepsen, og ønskjer Guds signing over arbeidet.



## Konfirmasjonane 2023:

### MJØMNA KYRKJE:

Laurdag 29. april. kl. 11.00:

Jonathan Beheim Andreassen  
Kamile Tamareviciute  
Leah Isabelle Evanger Svanholm  
Torje Areklett

### GULEN KYRKJE:

Laurdag 6. mai kl. 11.00:

Bjørnar Molde Randal  
Eline Dyregrov  
Halvor Henanger  
Haroldas Arbocius  
Henrik Høydal Bøe  
Magnus Halsvik Vatne  
Mathea Håvåg  
Robin Mathisen Håheim

### BREKKE KYRKJE:

Laurdag 13. mai kl. 11.00:

Amanda Adamonyte Oppedal  
Are Tveit  
Emilie Ellingsen Dyrøy  
Jermund Instefjord  
Lucas Engesæter Oppedal  
Margrethe Kvame Reknes



## Årsmelding Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2022



*Konfirmantane i Gulen og Solund på tur til  
Utvær april -22*

## Innleiing frå kyrkjeverja

### *Meir himmel på jorda*

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus. Visjonen for DnK ligg der, med ein utmeisla strategi for åra 2022-2029: *Kyrkja opnar rom for tru, kyrkja er der livet vert levd, og kyrkja er meir for fleire.*

Innanfor denne strategien legg tilsette og frivillige til rette for at kyrkja i Gulen skal vere til stades og møte menneske i ulike livssituasjonar, - *med meir himmel på jorda.*

Det er tid for ei årsberetning for 2022. Eit år då koronaen slapp taket, - men ikkje heilt. Samfunnet opna opp, kvar-dagen blei normal, og heimekontor blei eit unntak, ikkje normalen.

I kyrkjene våre kunne vi invitere til

gudstenester og kyrkjelege handlingar utan å bruke meterstokk, halde avstand eller berekne kor mange som fekk lov å sleppe inn, sjølv om januar starta litt trått også dette året.

Etter kvart har vi kome tilbake til normalen. Det er utruleg kjekt både å planlegge og gjennomføre aktivitetar knytt til kyrkja.

Konfirmantane kunne møtast og bli betre kjende med kvarandre, julekonsertane kunne gå av stabelen som før, og ulike aktivitetar kunne takast opp att.

Særleg gledeleg er det at arbeidet blant barn og unge har starta opp att, også med nye aktivitetar. Koronapandemien var utfordrande for alle, om enn på litt ulikt vis, men vi er sosiale vesen som treng mellommenneskeleg kontakt.

Digitale gudstenester kan aldri bli det same som å møte opp i kyrkja, kjenne nærveret med Gud og menneske og slå av ein prat over ein kaffikopp før ein går heim.

Det er også i år grunn til å takke for godt samarbeid med kommunen, både administrativt og med politisk nivå v/ ordførar og varaordførar. Sistnemnde er medlem i Gulen kyrkjelege fellesråd, og såleis eit viktig bindeledd mellom kyrkja og kommunen.

## Råd og utval

Det har vore 6 møte i Gulen kyrkjelege råd/Gulen kyrkjelege fellesråd, og det er til saman handsama 30 saker. Det er oppnemnt eit AU som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje. AU blir i hovudsak brukt

til kontakt via mail, med utveksling av synspunkt og orientering om saker som treng ei rask tilbakemelding.



*Foto frå møte i Gulen kyrkjelege råd*

Administrasjonsutvalet har bestått av tre frå fellesrådet og to frå dei tilsette: Kåre Sigurd Krakhella, Åse Haugen, Mina Andreassen, Margrethe Skåden (permisjon frå 01.04.) og Peter Jobbagy.

Det har vore 1 møte i 2022 i samband med tilsetjinga av ny medarbeidar i vikariat/prosjektstilling på 50 %.

## Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd, GKR, og fellesrådet, GKF, 2022:

**Brekke sokn:** Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Einar Takle. Vara: Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Olaug Tveit Evensen.

**Gulen sokn:** Åse Haugen, Haldis Steine. Vara: Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen.

**Mjømna sokn:** Anne Kristine Evjenth Ytreøy, Mina Catrin Dahl Andreassen, nestleiar. Vara: Bente Iren Haugen, Sølvi Ann Oddekalv, Arve Mjømen.

**Geistleg representant:** Per Børge Hillestad. Vara: Bjørn Magne Hansen.

**Kommunal representant i GKF:** Odd Harald Eide. Vara: Ingolf Wergeland.

Av dei faste medlemmane i rådet er det 33 % menn og 67 % kvinner.

### **Tilsette i Gulen kyrkjelege fellesråd:**

Ingunn Sognnes, kyrkjevevje, 80 %.  
Margrethe Skåden, kontorfullmektig, permisjon frå 01.04.: 20 %.

Kenneth Kidøy: prosjektmedarbeidar/ sekretær frå 20.06.: 50 %.

Peter T. Jobbago, organist, 60 %.

Peter T. Jobbago, kyrkjelydspeagog, 26 %.

Peter Jobbago, kyrkjetenar Mjømna, 14 %.

Astrid Øie Tveit, kyrkjetenar Gulen, 17 %.

Randi Trædal, kyrkjetenar Brekke, 14 %.

Aage Olav Sandal, klokkar, 5 %.

Maren Daae Eide har blitt innleigd i inntil 10 % til konfirmantarbeidet slik som tidlegare. I tillegg har Eirik Halsnes, som har vore konfirmantmedarbeidar siste åra, fått utbetalt timeløn for haustsemesteret etter avtale.

Av dei samla 2,36 årsverka er det to menn (105 %) og fire kvinner (131 %) fram til 01.04, resten av året 2,66 årsverk med tre menn (155 %) og tre kvinner (111 %). I tillegg kjem prest i 100 % stilling, men GKF er ikkje arbeidsgjevar for presten.

Det har ikkje vore sjukmeldingar ut over arbeidsgjevarperioden.

Klokkartenestene i Brekke og Mjømna blir utførte av frivillige, medan Aage Sandal er tilsett klokkar i Gulen.

## **Gudstenester og kyrkjelege seremoniar**

<b>Tal gudstenester totalt</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Mjømna	21	15
Gulen	25	18
Brekke	17	15

### **Tal frammøtte 2022**

Mjømna 877, Gulen 1653, Brekke 727

### **Snitt pr. gudsteneste 2022**

Mjømna 41, Gulen 66, Brekke 42

<b>Tal konfirmerte:</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Mjømna	3	2
Gulen	17	9
Brekke	5	7

<b>Tal døypte:</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Mjømna	7	4
Gulen	6	10
Brekke	4	5

<b>Vigsler</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Mjømna	1	4
Gulen	1	1
Brekke	2	1

<b>Gravferder</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Mjømna	7	3
Gulen	16	18
Brekke	4	8

I 2022 er det gjennomført 63 gudstenester, 8 fleire enn dei forordna 55. Det har vore nokre dåpsgudstenester på laurdagar, og så kunne vi i 2022 gjennomføre tre skulegudstenester og to barnehagegudstenester, pluss ei eldregudsteneste i Gulen.

Eldregudstenesta i desember fekk vi

inn første gong i 2021, og er eit samarbeid med Gulen sjukeheim for å gje eit tilbod om gudsteneste i kyrkja på dagtid før jul.



*Frå eldregudstenesta i Gulen kyrkje 2022*

Det var også ei gudsteneste på Byrknes bu- og omsorgssenter ein søndag i desember.

Brekke ligg lågast på tal gudstenester, der har det ikkje vore gudstenester utover dei forordna, det er forklaringa på det dette året.

## Trusopplæring

Når det gjeld trusopplæringa, så er det gjennomført hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar i alle kyrkjene. Det har vore tårnagentsamling i Mjømna og Gulen. Utdeling av cd til 2-åringar har gått ut i løpet av året, då det viser seg at dei fleste heimane ikkje har cd-spelar. Det er blitt gitt 1 årsabonnement av søndagsskulebladet Barnas til 6-åringane i Gulen sokn, men det er gjort vedtak om at frå 2023 vil alle 6-åringane i kommunen få tilsendt bladet.



**Har DU lyst til kome å vere med på søndagsskule?**

Det er også starta opp søndagsskule i Eivindvik, noko som er svært gledeleg.

På Mjømna er det starta barnekor i samarbeid med Byrknes bedehus, der dei har øvingane sine. I Brekke har vi hatt samarbeid med bedehuset i samband med konfirmantopplegget, noko som fungerer svært bra.

For å få desse tiltaka til å fungere godt er vi heilt avhengige av at frivillige stiller opp lokalt, anten det er foreldre, besteforeldre eller andre i bygda, i tillegg til tilsette i kyrkja.

## Sokna

Kvart sokn har eit sokneutval. Det er ikkje eit formelt organ, men er viktig for å vere nær den enskilde kyrkjeleden og bidra i det kyrkjelege arbeidet, samtidig som ein har kontakt inn mot Gulen kyrkjelege råd (GKR). Sokneutvala har blant anna oppgåver som kyrkjevertar, tek på seg dugnadsarbeid og kjem med innspel til GKR. Det har vore eitt fellesmøte med alle sokneutvala, der temaet var vegval før nytt soknerådval i 2023. Det var godt frammøte, og gode diskusjonar som enda i ei felles tilråding om å halde fram med ordninga slik den er i dag. Det er i haust avhalde soknemøte etter gudstenesta i alle tre sokna, og Gulen



kyrkjelege råd fekk full tilslutning til å vidareføre dagens ordning.

### **Sokneutval:**

**Brekke:** Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Olaug Tveit Evensen, nestleiar, Einar Takle, Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Synnøve Bjordal Giil, Marit Sætre, Berit Tveit Solheim, Grethe Brekken Oppedal.

**Gulen:** Åse Haugen, leiar, Haldis Steine, Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen, Judith Avril Adams.

**Mjømna:** Bente Iren Haugen, leiar, Anne Evjenth Ytreøy, Mina Dahl Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Arve Mjømen, Erene Oddrun Wilberg, Heidi Rosseland\*, Gunnlaug Oddny Birknes.

\*Overgang til Gulen sokneutval

### **BREKKE SOKNEUTVAL v/Kåre Sigurd Krakhella**

I 2022 blei det endeleg slutt på smitte-restriksjonane, og vi fekk eit normalt år. Sokneutvalet kom i gang igjen med kyrkjekaffi etter gudstenestene. Vi gjennomførte dugnad rundt kyrkja i byrjinga av mai i lag med Bygdekvinnelaget.

I samband med nytt gjerde på nedre gravplass tok vi også på oss å fjerne det eksisterande gjerdet og trea i nedre hjørnet på gravplassen. Skråningen ned mot hovudvegen rydda vi samtidig. Dette blei gjort på haustparten.

I 2022 fekk vi endeleg lov å ta opp igjen tradisjonen med juleverkstad.



*Arkivfoto frå 2019*

Det er eit populært arrangement, og vel 30 born fekk kose seg med å lage julegåver i dei forskjellige formingsromma, i tillegg til baking av pepparkaker på skulekjøkenet.

Sokneutvalet gav også i år ein blome til dei som har mista ein av sine i året som gjekk.

Vi har også støtta aktivitet på Bedehuset med kr 7500.

Brekke sokneutval har hatt tre møte og handsama 14 saker. I tillegg har vi hatt ein del kontakt på e-post og telefon. Vi deltok også på eit fellesmøte med dei andre sokneutvala på Dalsøyra for å gjennomgå erfaringane med felles sokneråd.

Når det gjeld ombygging av kyrkja, har vi etter fleire diskusjonar og med tanke på den store dugnadsinnsatsen som ligg i prosjektet, komme fram til at dette er altfor stort til at vi vil ta det på oss. Det har heller ikkje lukkast oss å finne nokon som vil ta på seg ansvaret som dugnadsleiar. Vi ser heller for oss at ein går tilbake til den opprinnelege problemstillinga med vonde benker, og vurderer på nytt om nokre av dei kan forbeistrast f.eks. med faste puter.

Friviljug klokkarteneste: Bjarne Tveit, Bodil Bjørlo Takle, Kristin Kjelby, Ragnar Mundal, Olaug T. Evensen.

## **GULEN SOKNEUTVAL** **v/Åse Haugen**

2022 vart endeleg eit år utan restriksjonar, så me kunne opne sumar-kyrkja. Kyrkja var open kvar dag i heile juli. Stor TAKK til Ingebjørg, Sigvald, Marit og Åse som «passa» på kyrkja.

- Me har hatt 5 utvalsmøte, med gode samtalar og diskusjonar.

- Felles sokneutvalsmøte med dei to andre utvala, der saka om vegval til neste soknerådsvale i 2023 vart diskutert. Etter eigne soknemøte i kvart sokn vart det sendt søknad om permanent ordning med eit felles sokneråd i kommunen.

I januar 2023 kom endeleg svaret frå Bjørgvin Bispedømmeråd, og vårt ynskje og mål vart innvilga.

- Sokneutvalet stilte med kveldsmat på kommunehuset til 15 personar i samband med nøkkelstadsamling for kystpilegrimsleia. Dette var eit samarbeid med Gulatinget, der konserten *Kongsrosen* blei framført i kyrkja.

- Dugnad inne i kyrkja, med rydding og vask.

- Hausttakkefest og utdeling av bøker til 4- og 6-åringar gjekk av stabelen med pomp og prakt. Då lever det i kyrkja!

- Kyrkjekaffi er eit høgdepunkt for gode samtalar og sosialt samvær, dette er så viktig og så gøy.

- På tampen av året fekk me endeleg husvære til sundagsskulen vår.

Stor TAKK til Nina Haveland (einingsleiar på sjukeheimen) som heiv seg rundt og gav oss husrom! Ein søndag i månaden er me på stova i 3. etasje på sjukeheimen, og har hatt eit godt oppmøte av små og store. Dette er eit heilt gratis tilbod for born frå 3-4 år og oppover.

## **MJØMNA SOKNEUTVAL** **v/Bente Haugen**

Det har vore diverse aktivitetar i Mjømna sokn. Alt har stort sett skjedd på dugnad frå frivillige.

- Månadlege eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter.

- Haustfest i Byrknes bedehus med mat, musikk, talar og quiz.

### *Kyrkje og kyrkjegard:*

Det har vore ein del dugnadsarbeid, men det har vore vanskeleg å få folk til å stille opp på slikt. Dermed har det vore nokre få sjeler frå sokneutvalet som stort sett har stått føre det arbeidet som faktisk har vore gjort.

- Dugnad med diverse vasking og rydding, særleg i samband med høgtider som konfirmasjon og jul.

- Dugnad med klipping av busker og rydding på kyrkjegarden.

- Strøing/fjerning av snø og is før gudstenester og elles ved tilfeldige besøk på kyrkjegarden.

- Pynting av juletreet i kyrkja.

### *I samband med gudstenestene:*

- Kyrkjekaffi

- Klokkarteneste

*Anna:*

- Markering av 8. mai ved minnestøtta for Bjørn West.



*Arkivfoto frå markeringa i 2022*

- Utdeling av olivenkors til konfirmantane
- Vi har fått ei barnesanggruppe på Bedehuset annankvar tirsdag, etter initiativ og innsats frå to frivillige.
- Vi har hatt sporadiske kjøkkenmøte.
- Arbeidet med den nye rullestol-inngangen er påbegynt, og vi håper å ha offisiell opning av han i 2023.

## **Kyrkjelydsarbeidet** **v/sokneprest Per Børge Hillestad**

Som kirke har vi et grunnleggende kall til å være Kristi hender og føtter. Det å vise medfølelse, omsorg og kjærlighet i praktisk gjerning er en selvfølgelig del av våre aktiviteter. Den kristne troen er sentrert rundt personen Jesus Kristus. Vi tror at han er Guds sønn og verdens frelser. Vi tror at han kom inn i vår verden, ble menneske slik som oss og tok del i vår virkelighet for å vise oss hvordan Gud egentlig er.

2022 gav kirken i Gulen mange gode møte- og kontaktpunkter. I denne sammenheng vil jeg legge spesielt vekt på dåpen og konfirmantarbeidet.

## **Dåp**

Som de fleste andre kirker tilbød også Gulen mer aktivt enn vanlig egne dåpsgudstjenester i 2022, som vi gjorde i 2021. Tilbudet har aktivt blitt benyttet, og tilbakemeldinger tyder på at mange er takknemlige for denne muligheten. Dåpen står sterkt i folks bevissthet, og dåpsgudstjenestene opplevdes som høytidelige, samtidig som de hadde en større grad av involvering i forhold til ved vanlig høymesse.

## **Konfirmantene**

Vi inviterte konfirmantene til en flott konfirmantleir i Hyllestad. Her ble gode relasjoner bygget på tvers av bygder, og Jesus ble tydelig og godt forkynt. Tilbakemeldinger tyder på at konfirmantene trivdes på denne leiren. I år gjorde vi den obligatorisk, i motsetning til tidligere, da den har vært frivillig. Den arrangeres av soknerådet/kirken i Hyllestad, og de samarbeider med misjonskirken på Askøy.

Både på Byrknes og i Brekke stilte sokneutvalgene flott opp med tilrettelegging og de nydeligste retter til pizza- og kinokveld. Dette setter vi utrolig stor pris på, og er noe som gir både ledere og ungdommer muligheten til å bygge nye vennskap. Slike pizza- og kinokvelder hadde vi også i Eivindvik og på Dalsøyra. Vi er utrolig takknemlig overfor Eivindvik ungdomslag som gav oss ungdomshuset til fri disposisjon, og det samme med Dalsøyra samfunnshus.

Folk og lag og kommunen i Gulen er virkelig rause overfor kirken sin, og det er vi takknemlige for.

De vanlige konfirmasjonssamlingene foregår fremdeles på Dalsøyra, og vi er heldige som har med oss Maren Daae Eide og Eirik Halsnes i konfirmantteamet. Både Maren og Eirik er dyktige ledere og gode til å se konfirmantene. Sammen har vi ulike styrker, og vi utfyller hverandre godt.



I et samarbeid med kirken i Solund og prest Bjørn Magne Hansen arrangerte vi også en flott dag til Utvær i Solund. I nydelig vær fikk vi oppleve vestlandskysten på sitt beste.

Bjørn Magne sørget også for god undervisning og guiding, både i båt og på land. Et høydepunkt i årets arbeid.

Vår viktigste oppgave som kirke i Gulen er å gi mennesker muligheten til å bli kjent med Jesus.

Vi har et budskap om forsoning mellom Gud og mennesker, og et ønske om forsoning og neste-kjærlighet mellom mennesker.

Kort sagt har vi verdens beste nyheter, fra verdens beste oppdragsgiver.

Å få være en del av kirken i Gulen er et privilegium.

Takk til sokneutvalg og frivillige for at dere gjør kirken relevant og så kjekk å være en del av.

## Fellessamlingar og møte gjennom året

Dette året har det vore mogleg å gjennomføre fellestiltak både for tilsette og folkevalde, noko som gir inspirasjon til arbeidet vi står saman om.

\* Temadag med prost Helge Taranrød 20.02. i Brekke kyrkje. Denne samlinga var lagt i etterkant av gudstenesta, og både stab og råd/sokneutvala var inviterte. Tema som blei drøfta, var frivillig arbeid i kyrkjelydane, samarbeid mellom stab og frivillige, og vegen vidare for modellen med eit felles sokneråd for dei tre sokna.

\* Kyrkjeverja deltok på leiarkonferansen for kyrkjeverjer i mars. Første dag var felles med fellesrådsleiarane, og Kåre Krakhella deltok som leiar i Gulen kyrkjelege råd.

\* Fellessamling for Gulen kyrkjelege råd og sokneutvala på Dalsøyra for å evaluere og drøfte vegen vidare med eitt felles sokneråd.

\* Felles sommaravslutning i Nordhordland prosti på Fjon fjellkyrkje 16.06. for alle tilsette.

\* Kyrkjeverjelaget i NH prosti møttest fysisk eller på team for å ta opp aktuelle saker. Prosten deltok på dei fleste av desse samlingane. Ei sak som stod høgt på dagsordenen, var fornying av samarbeidsavtalen for prestetenesta mellom Gulen, Masfjorden og Solund, der alle kommunane og fellesråda gav si tilslutning. For Gulen inneber det at

kommunen bidreg med kr 90.000 og Gulen kyrkjelege fellesråd med kr 50.000 pr år. Avtalen inneber at det er tre prestestillingar i dette området, og erfaringa er at avtalen sikrar ei stabil og god presteteneste i området. Inneverande avtale går ut hausten 2023, og er forlenga med fire år.

\* Stiftsmøtet blei halde i Bergen 8. og 9. juni. Soknepresten, kyrkjeverja og organisten deltok.

\* Bibeltimesamlingar på Brekke bedehus på vårparten med sokneprest Per Børge Hillestad blei godt mottekne.

\* Leiar i fellesrådet har delteke på samhandlingsmøte for valde leiarar i Bjørgvin på Skei i september.

\* Kyrkjeverja og leiar i fellesrådet har hatt møte med ordførar og kommune-direktør i samband med budsjett-arbeidet og økonomiplanen



Foto: Knarvik kyrkje, Facebook

\* Avslutningssamling med biskop Halvor Nordhaug 25.10: For tilsette tilhøyrande innanfor Nordhordland prosti på Fjon fjellkyrkje på dagtid, og for sokneråd og frivillige i Knarvik kyrkje på kvelden.

## Felles sokneråd for sokna Gulen, Brekke og Mjømna

I valperioden etter sist val i 2019 har det vore eitt felles sokneråd, Gulen kyrkjelege råd (GKR), for dei tre sokna, med sokneutval lokalt.

Ordninga var ei prøveordning, som sokneutvala har vore med og evaluert. Det blei gitt full støtte til å søkje om at denne ordninga kunne gjerast permanent, noko det no er høve å søkje om etter § 2 i *Regler om ordning for felles menighetsråd*, vedteke i kyrkjemøtet i september 2022.

GKR søkte Bjørgvin bispedømmeråd om godkjenning av ordninga med felles sokneråd som permanent etter å hatt saka til høyring på soknemøte i alle tre sokna, der det blei gitt full tilslutning til framlegget frå GKR. Valordninga blir som i dag, med 2 medlemar og 3 varamedlemar frå kvart sokn i GKR, samt geistleg representant. Gulen kyrkjelege fellesråd har same samansetjing, supplert med ein kommunal representant.

Ordninga med lokale sokneutval vert vidareført. Søknaden blei innvilga i januar 2023.

## Tur til Selje, regionalt pilegrimssenter og nøkkelstad

8 personar frå stab og sokneråd deltok på turen til Selje 9.-11. september. Målet var å få betre kunnskap om nøkkelstaden Selje og rolla som regionalt pilegrimssenter, samt bygge meir kunnskap rundt kystpilegrims-

leia, der Eivindvik også er nøkkelstad (Gulatinget).



God mottaking med godt vertskap og gjestfriheit gjorde opphaldet til ei stor oppleving, og vi fekk disponere den gamle prestegarden til opphaldsplass og frukostsamling heile helga, medan vi overnatta på Selje camping, då det ikkje var høve til det i prestegarden. Tur til klosteret på Selja, besøk i Leikanger kyrkje og Ervik kyrkje, og orienteringar frå lokale kyrkjevertar med god kunnskap gjorde inntrykk. Vi avslutta søndag med gudsteneste i Selje kyrkje, der Kari Leine Balog gjorde teneste som prest. Ho kunne etter gudstenesta fortelje om sitt engasjement og vandringar langs kystpilegrimsleia, til stor inspirasjon for oss. Turen var lærerik, kunnskapsbyggande og ikkje minst fellesskaps-

byggande, kjekk og inspirerande, og gav ein god start på haustsemesteret.

## **Kyrkjer og kyrkjegardar**

### **Brekke:**

Sokneutvalet har lagt prosjektet med ombygging av kyrkja på is, då dei ikkje ser seg syn med å setje i gang eit så stort prosjekt som vil krevje stor innsats av frivillige på mange område. Når det gjeld sitjekomfort, ynskjer dei å sjå på om dagens benker kan forbedrast, i staden for å fjerne dei. Dette løyser ikkje problema med oppvarming i kyrkja og isolering under golvet, særleg i koret, men slik saka ligg, må ein drøfte det på nytt. Det er elles ikkje gjort bygningsmessige tiltak på kyrkja i 2022.

### **Brekke gravplass:**



Det er kome på plass nytt gjerde oppå muren på gravplassen oppe ved kyrkja, det var heilt naudsynt for å ivareta tryggleiken til dei som slår og steller gravplassen om sommaren. På nedre gravplass er det gjort ein stor dugnadsinnsats for å få vekk busker og kratt og skjere ned dei store rhododendronane langs gjerdet. Det gamle

tregjerdet er fjerna, då det viste seg at det var rote og dårleg mange stader. No er nytt gjerde på plass også der, med smijernsport som er lik den som står ved inngangen til kyrkja.

### **Gulen:**

Det har blitt installert varmestyring i kyrkja som eit tiltak for å få betre kontroll med oppvarminga.

Fem gamle panelomnar er blitt skifta ut. Problemet med å halde varme i kyrkja på kalde og vindfulle dagar er ikkje løyst, og det er vedteke å setje i gang eit ENØK-prosjekt i 2023 for å sjå på korleis det kan løysast.



Det har blitt sett i verk drenering rundt kyrkja, særleg på baksida samla det seg mykje vatn som ikkje hadde utløp. Dette viser opp på muren, og kledningen er prega av det. Jord er fjerna, det er lagt ned dreneringsrøyr og fylt på singel. I tillegg er nedløpa for takrennene fornya og spylte, slik at dei tek unna vatnet som kjem ned.

### **Gulen gravplass:**

Etter opparbeidinga av parkeringsplassen er det plassert fire bossdunkar ved enden, medan det framleis er fire

ved overbygget inne på gravplassen. Dunkane er merkte med bio- og restavfall. Mesteparten av avfallet frå gravstell skal i restavfallet, då det berre er reint biologisk materiale som skal i biodunkane. Med mykje regn samlar det seg vatn i alle dumper på gravplassen, og rett før jul blei det sett i verk tiltak for å leie vatnet på rett veg og ned i eksisterande kummar.

### **Rutle gravplass:**

Planen for opprusting av gravplassen står ved lag, men gjennomføringa har av ulike grunnar drege ut i tid.

Parkeringsplass er opparbeida, og det er sett opp skilt som viser at den er for besøkande til gravplassen.

Bossdunken er merkt, og er komen inn i henterutinane til NGIR.

Oppryddinga av felte tre og buskar er berre halvvegs ferdig. Etter hogsten ser ein at kanten på gravplassen er svært ujamn, og det er meininga å fylle på masse og få meir jamn høgde mot utmarka. Deretter skal gjerdet opp, og det vil bli montert dobbel port inn mot klokkestøpulen. Det er avdekket noko råte nedst langs støpulen, det skal også vølast. Dørene har fått lås, slik at uvedkomande ikkje kjem seg inn i klokketårnet.

### **Mjølna:**

Det er installert varmestyring i kyrkja for å ha betre kontroll med straumforbruket og hindre at varmen står på unødige.

Arbeidet med ny rullestolrampe, utbetring av hovudtrapp og tilkomstveggar har teke tid, og etter ein god

prosess blei planteikningane godkjende både av Bjørgvin bispedømme og Gulen kommune.

Kontrakt er inngått med entreprenør, og arbeidet blei sett i gang i haust, og vil bli ferdigstilt våren 2023.

Finansieringa er delt mellom auka investeringstilskot frå kommunen og bruk av fond og ubrukte lånemidlar tilhøyrande Gulen kyrkjelege fellesråd.



### **Mjømna gravplass:**

Resterande oppussing av bårhuset/toaletta er ferdig, og sjølvve bårerommet har fått nytt golvbelegg. Det har vore synfaring for å sjå på leplantinga på langsida av kyrkja, trea er etter kvart blitt høge, og det må gjerast tiltak så dei ikkje kjem borti kyrkja.

### **Tilsyn i kyrkjene:**

Det har blitt utført branntilsyn i alle tre kyrkjene. Kyrkjene har brannvarslingssystem som går rett til 110-sentralen. Det har vore utløyst brannalarm i forkant av ei gudsteneste i Gulen kyrkje i sommar, varmtvass-tanken som var årsaka, var gammal og er no utkopla. Innimellom dukkar det opp ein del feilmeldingar. Dei vert sjekka og kvitterte ut.

### **BORGSTOVA:**

Kommunen har løyvt midlar for å setje Borgstova i stand, og søknaden

om vøling er godkjent. Arbeidet kjem ikkje i gang før i 2023.

## **Økonomi**

Det vert ført felles rekneskap for Gulen kyrkjelege råd og fellesrådet. Ofringar og gåver gitt i dei ulike kyrkjesokna, blir førte under tenesta anna kyrkjeleg verksemd, og det kjem fram kor mykje som er samla inn, kor mykje som går til eige arbeid eller som blir vidare sendt til organisasjonane som er tildelt kyrkjeoffera.



I år kunne konfirmantane gå på dørene med innsamlingsbøssene til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon, noko som gav eit svært godt resultat. I Gulen sokn kom det inn kr 17015,- i Brekke 7435,- og i Mjømna 5711,-. I tillegg kom det inn kr 19.032,- på Vipps, til saman eit svært godt resultat på kr 49.243,-.

Koronamidlane som stod att frå 2021, er blitt brukte til aktivitetar som konsert og andre lokale tiltak som ikkje let seg gjennomføre i pandemien. Rekneskapen for Gulen kyrkjelege fellesråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen. Det er gitt driftstilskot frå kommunen på kr 2.522.200.

I tillegg kjem verdien av tenesteytingsavtalen. Tenestekjøpsavtalen med kommunen inneheld avtale om



rekneskapstenester, IKT-tenester, kontorlokale og tenester frå drift/vedlikehaldsavdelinga. Endeleg kostnad for denne tenesta utgjorde i 2022 kr 646.549,-, men den har ikkje resultatmessig effekt.

Den store auken på kostnadssida ligg på straum. Når ein ser på straum-kostnaden til kyrkjer og bårerom (ført på teneste gravplass), er den omtrent dobla i høve til både budsjett og fjoråret, og er for 2022 på kr 197.444. Søknaden til kommunen om auka tilskot til straum på kr 100.000 blei innvilga og ligg inne i driftstilskotet frå kommunen. I tillegg fekk vi kr 30.000 i straumstøtte frå regjeringa i desember.

Det var budsjettert høgare på løn enn det som er brukt, rekneskapen viser ca. kr 100.000 lågare forbruk under administrative tenester, der budsjettet blei justert opp for å dekke prosjektstillinga på 50 % frå 01.04. Stillinga blei ikkje dekkja opp før i slutten av juni. Det er også brukt mindre lønsmidlar enn budsjettert under tenesta kyrkjer.

Kyrkjelydsbladet har kome ut med fire nummer, og det blei som tidlegare lagt inn giro i haustutgåva.

Gåveinngangen har vore god, og det kom inn kr 68.800,- i gåver til drift av bladet. Mesteparten av arbeidet blir pr. i dag gjort på dugnad, både med oppsett av bladet og med fordeling rundt i postkassane. Overskotet på kr 22.342,45 vert sett av på fond, noko som kan kome godt med den dagen

ein må legge om både produksjon og distribusjon.

**Driftsrekneskapen** er oppgjort med eit overskot på kr 285.726,63.

**Investeringsrekneskapen** viser at det er eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 458.654,30. Desse midlane skulle vore brukte på vøling av Borgstova, men gjennomføring av prosjektet er utsett til 2023. Ombygginga av Brekke kyrkje er lagt på is, og dei kr 50.000 som blei sett opp i budsjettet, er ikkje brukte.

Når det gjeld prosjektet med gjerde på øvre og nedre gravplass i Brekke, så er det ferdig, og kostnaden er ca. kr 100.000 over opprinneleg budsjett. GKF gjorde vedtak om finansiering av gjerde og ny port også på nedre gravplass, då det viste seg at eksisterande gjerde var rote og dårleg. Ny rullestolinngang på Mjømna fekk auka investeringstilskot frå kommunen på kr 200.000 etter søknad frå GKF. Dette prosjektet er ikkje ferdig, men vil bli ferdigstilt våren 2023. Totalt tilskot frå kommunen til investering i 2022 var på kr 1000.000, fordelt på kr 500.000 til Borgstova, kr 150.000 til nytt gjerde på Brekke gravplass, kr 200.000 til rullestolinngang Mjømna, og det årlege tilskotet på kr 150.000.

*Eivindvik 22.02.2023*

*Kåre Sigurd Krakhella  
Leiar GKR/GKF*

*Ingunn Sognnes  
Kyrkjeverje*

# Kyrkjevalet 11.09. 2023



## Kven skal styre kyrkja her eg bur?

Den 11. september er det val til nytt felles sokneråd i Gulen. På valdagen for kommune- og fylkestingsvalet kan medlemar i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømmerådet og dermed også sitje på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting. Ordninga med eitt felles sokneråd for sokna Brekke, Gulen og Mjømna er no godkjend av Bjørgvin bispedømme som fast ordning. Det er valt nominasjonsnemnd i kvart av dei tre sokna, og Gulen kyrkjelege råd er valstyre. Kvart sokn er ein valkrins, og dei to kandidatane med flest stemmer, blir medlemar i Gulen kyrkjelege råd, dei tre neste blir vara, medan alle på lista inngår i det lokale sokneutvalet.

Arbeidet med listene er mest truleg avslutta når dette kyrkjelydsbladet kjem ut, då fristen for innlevering av listene er 31. mars kl. 12.00.

Nominasjonsnemnda si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2.-15. mai. Fem medlemar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat, som då vil

kome med på lista til valet.

## Digital førehandsrøysting

På sjølve valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt valkokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du røyste på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemar som fyller 15 år i år eller er eldre, har røysterett. Meir info vil kome på heimesida/facebooksida. Meir informasjon om kyrkjevalet finn du også på nettsida [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no).

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

## Svar på julekryssord:

**JULEKRYSSORD**  
Laga av Einar Søreide

JULE- KRYSSORD	PRESTE- DOTTER	EVIL- INN- SKIFT	GRUNN- NIVÅ	GULEN	DNR	PÅ FOSKE- BARAR	INNSØR- NDEL	SP. BLY	S	GULEN	TIL- FØR- KOR
EITT AV SÅ BLAG	S	I	R	U	P	S	N	I	P	P	A
I GULEN	I	N	S	T	E	F	J	O	R	D	MET- LINE
NATT- VERD- STALP	G	R	A	L	E	GULEN	E	Ø	A	D	
STAT IK	R	I	K	E	S	T	R	E	I	K	E
N	I	E	D	E	L	O	N	S	B		
VERKE PREP	S	K	R	A	L	E	A	K	T	E	R
AVDØD- LIKE	A	V	L	I	N	E	R	L	E	O	
A	N	I	S	G	R	E	I	N	S		
A	D	L	E	S	O	N	S	O	V		
GRU- NDEL	B	A	R	B	O	D	S	E	M	I	
INNU AGUTT	E	K	V	I	L	E	B	U	K	K	
BEUR	B	R	A	E	E	R	O	L	A		
U	G	G	A	R	G	T	M	O	S	E	
PIGGAR BOD- SKOPEN	E	V	A	N	G	E	L	I	E	T	

Vinnar av kryssordet i julenummeret blei *Britt Nikøy, 5978 Mjømna*.

Vi gratulerer! Ein liten premie kjem i posten.

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var med oss i Olea Amanda Ånneland sin begravelse og minnestund. Takk for alle blomsterhelsingar og gåver til Ytre Gulen sanitetslag. Takk til Solgul A/S, prest Bjørn Magne Hansen og organist Peter T. Jobbagy.

*Familien*

## Hjertelig takk

Hjertelig takk for all omtanke, deltagelse og blomsterhilsener ved vår kjære Karen Kvamsdal sin bortgang. Takk for gode ord, hilsener og gaver til Norsk luftambulans på Karen sin minneside.

*Familien*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, gode ord, helsingar, blommar, kransar og båretbukettar ved Haldis Solhaug sin bortgang. Vi ynskjer også å takke for minnegåve til Ytre Gulen sanitetslag. Takk til Solgul blomst for ei fint pynta kyrkje, og til presten vår, Per Børge Hillestad, og organist Peter T. Jobbagy for ein vakker seremoni. Saman skapte de ein nær og personleg seremoni som me sette veldig pris på. Takk til alle som var med oss denne dagen.

*Jorunn, Klara og Bjørg Jane med familie*



## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### BREKKE SOKN:

**19.02.23:** Ingeborg Aven Langvatn.

#### GULEN SOKN:

**26.02.23:** Aksel Grindheim Eidnes.

**26.02.23:** Mathea Midtun Eidnes

**26.02.23:** Storm Wergeland.

### Vigde:

#### GULEN SOKN:

**31.12.22:** Stine Elisabeth Flolid og Sander Birkeland Haugland.

### Døde:

#### MJØMNA SOKN:

**06.11.22:** Sissel Birgitte Unneland, f. 1949.

**19.12.22:** Olav Flatland, f. 1936.

**05.01.23:** Olea Amanda Ånneland, f. 1922.

**19.01.23:** Haldis Konstanse Solhaug, f. 1923.

#### BREKKE SOKN:

**27.11.22:** Klara Instefjord, f. 1936.

**19.01.23:** Nils Erling Ynnesdal, f. 1933.

**30.01.23:** Tjostolv Gjersvoll, f. 1925.

**08.02.23:** Ingrid Bergljot Ynnesdal, f. 1933.

#### GULEN SOKN:

**02.12.22:** Karen Kvamsdal, f. 1931.

**02.12.22:** Målfrid Havreberg Vilsvik, f. 1922.

**08.12.22:** Johan Høidal, f. 1924.

**12.01.23:** Einar Birger Austgulen, f. 1930.

**23.01.23:** Leif Steinar Nyhammer, f. 1934.

# Kyrkjekalenderen



**19.03.**, 4. søndag i fastetida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Sygna vidaregåande skule.

**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonsprosjekt i Mali.

**26.03.**, Maria bodskapsdag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Tårnagentar deltek. Offer: Trusoplæring.

**02.04.**, Palmesøndag:

**Byrknes bedehus kl. 15.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kyrkjelydsarb.

**06.04.**, Skjærtorsdag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Ikkje offer.

**07.04.**, Langfredag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Ikkje offer.

**09.04.**, 1. påskedag:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Blå kors.

**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonsprosjekt i Mali. Kveldsmat i Brekke bedehus.

**10.04.**, 2. påskedag:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Bymisjon.

**16.04.**: Ikkje gudsteneste.

**23.04.**, 3. søndag i påsketida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens SOS.

**Laurdag 29.04.**: Konfirmasjon

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Laurdag 06.05.**: Konfirmasjon

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Måndag 08.05.**, Frigjeringsdagen:

**Mjømna kyrkje kl. 18.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Norsk Gideon. Markering ved minnestøtta.

**Laurdag 13.05.**: Konfirmasjon

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**21.05.**: Ikkje gudsteneste.

**28.05.**, Pinsedag:

**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: KFUK-KFUM Norge.

**29.05.**, 2. pinsedag:

**Skjerjehamn kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonsprosjekt i Mali.

**04.06.**, Treeiningssøndag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens SOS.

**11.06.**, 2. søndag i treeiningstida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**18.06.**: Ikkje gudsteneste

**25.06.**, 4. søndag i treeiningstida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Alværa.

**02.07.**, 5. søndag i treeiningstida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.